



REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET - HØYRING

Saksnr	Utval	Møtedato
9/15	Kommuneplanutvalet	17.03.2015
13/15	Kommunestyret	24.03.2015

RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

TYSVÆR KOMMUNE SIN UTTALE:

Arbeidet med regionalplan for- areal og transport på Haugalandet har vore ein viktig prosess og eit viktig planarbeid for å sjå nåsituasjon, utfordringar og framtidsmulegheitene på Haugalandet i ein regional samanheng.

Tysvær kommune stiller seg bak hovudstrategien i planarbeidet om å satse på «by og tettstad». Regionen samla bør støtte opp om regionbyen og dei utfordringane Haugesund har innan samferdsel og funksjonar for innbyggjarar og næringsliv i heile regionen. Eit sterkt regionsenter er viktig for at kommunane, tettstadane og bygdene rundt skal fungere og vere attraktive for busetting og næringsutvikling. Samstundes er regionbyen avhengig at eit sterkt og attraktivt omland for å oppretthalde sine funksjonar. Ressursane og attraksjonskrafta på Haugalandet ligg i både byen og omlandet, og vi må arbeide for at den regionale arbeidsdelinga fungerer med funksjonar og rollefordeling som styrker regionen samla.

Tysvær kommune stiller seg og positiv til forslaget til senterstruktur i planen der ein deler inn i regionsenter, regiondelsenter, områdesenter og grendesenter. Det er ikkje sett opp tettstader som områdesenter i Tysvær, og dette bør endrast. I dei overordna målsettingane i kommuneplanen står det følgjande:

Tysvær skal ha sentrumsutvikling og levande bygder. Tysvær skal i dei neste 12 åra fortette og utvikle eit meir komplett regiondelsenter/kommunesenter i området Aksdal-Frakkagjerd-Skeiseid, kommunedelsenter i Tysværvåg-Slåttevik området og i Nedstrand-Hinderåvågområdet. Tysvær kommune skal arbeide for å oppretthalde eksisterande lokalsentra og bygdesentra på Førre, Grinde, Førland, Skjoldastrumen og Hervik.

Kommunen ser at regionalplanen må ha senterstruktur som passar for alle kommunane, men meiner det er naturleg at kommunedelsentra i Tysvær får kategorien områdesenter.

Tysvær kommune er i utgangspunktet positiv til mål og strategiar for bustadbygging. Kartet med faseinndeling og forslag til relokalisering av områder bør imidlertid kun vere retningsgivande. Tysvær er ikkje einig i faseinndeling og bruken av fargekoder for enkelte område i Tysvær. Dette gjeld deler av Skeiseidområdet, Garhaug, Padlande og Slåttevik som foreslås relokalisert (merka grått i kartet). Desse områda bør merkast gult eller blått i kartet. Både rekkefølgje og relokalisering er forhold som må vurderast nærmare i samband med eiga kommuneplanrullering.

Tysvær synes retningslinjene for bukvalitet som foreslås er for detaljerte. Krava her bør tilpassast område og styrast av kvar enkelt kommune.

Samferdselsdelen i planen gir viktige føringer for ulike transportformer og foreslår differensierte verkemiddel i regionen i forhold til sentralitet og trafikkmengde. Tysvær synes det er bra med differensierte verkemiddel, og er positive til eit framtidig forpliktande ATP samarbeid for å sikre gode samferdselstilbod i regionen. Regionalplanen bør ha mål om auka kollektivtrafikk og langs nye vegsystem som diagonalen mellom Norheim og Raglamyr og dei nye vegsystema knytt til T-forbindelsen. Det bør og vere strategiar for betre koordinering av ruter og tilbod mellom ulike kollektivtransporttilbod slik at kollektivtilboda vert enklare og meir attraktive å bruke.

Viktige problemstillingar knytt til framtidsutviklinga på Haugalandet er reist i i arbeidet med regionalplanen. Tysvær kommune sluttar seg i hovudsak til innhaldet i planforslaget og ber om at fylkeskommunen tar omsyn til merknadar og justerer plandokumentet i tråd med desse.

BEHANDLING I KOMMUNEPLANUTVALET - 17.03.2015

Utalet tek saka til orientering. Administrasjonen justerer høringsuttalen i tråd med merknadane frå utvalet og legg fram endra høringsforslag før endeleg behandling i kommunestyret.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 24.03.2015

Revidert høringsuttale, jf innspel i kommuneplanutvalet, vart sendt ut i forkant av møte.

Torunn Vestbø Gjerde (V) fremma forslag om at det i 3. siste avsnitt, 3 setning: «Bygging av gardshus nr. 2 bør tillatast både på store og mindre bruk», vert lagt inn følgjande tillegg:og for å fremje levande bygder

Kommunestyret vedtek samrøystes revidert høringsuttale, med Gjerde sitt tilleggsforslag.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 24.03.2015

TYSVÆR KOMMUNE SIN UTTALE:

Arbeidet med regionalplan for- areal og transport på Haugalandet har vore ein viktig prosess og eit viktig planarbeid for å sjå nåsituasjon, utfordringar og framtidsmuleighetene på Haugalandet i ein regional samanheng.

Tysvær kommune stiller seg bak hovudstrategien i planarbeidet om å satse på «by og tettstad». Regionen samla bør støtte opp om regionbyen og dei utfordringane Haugesund har innan samferdsel og funksjonar for innbyggjarar og næringsliv i heile regionen. Eit sterkt regionsenter er viktig for at kommunane, tettstadane og bygdene rundt skal fungere og vere attraktive for busetting og næringsutvikling. Samstundes er regionbyen avhengig at eit sterkt og attraktivt omland for å oppretthalde sine funksjonar. Ressursane og attraksjonskrafta på Haugalandet ligg i både byen og omlandet, og vi må arbeide for at den regionale arbeidsdelinga fungerer med funksjonar og rollefordeling som styrker regionen samla.

Tysvær kommune stiller seg og positiv til forslaget til senterstruktur i planen der ein deler inn i regionsenter, regiondelsenter, områdesenter og grendesenter. Det er ikkje sett opp tettstader som områdesenter i Tysvær, og dette bør endrast. I dei overordna målsettingane i kommuneplanen står det følgjande:

Tysvær skal ha sentrumsutvikling og levande bygder. Tysvær skal i dei neste 12 åra fortette og utvikle eit meir komplett regiondelsenter/kommunesenter i området Aksdal-Frakkagjerd-Skeiseid, kommunedelsenter i Tysværvåg-Slåttevik området og i Nedstrand-Hinderåvågområdet. Tysvær kommune skal arbeide for å oppretthalde eksisterande lokalsentra og bygdesentra på Førre, Grinde, Førland, Skjoldastaumen og Hervik.

Kommunen ser at regionalplanen må ha senterstruktur som passar for alle kommunane, men meiner det er naturleg at Frakkagjerd og kommunedelsentraene Nedstrand og Tysværsvåg får kategorien områdesenter.

Tysvær kommune er i utgangspunktet positiv til mål og strategiar for bustadbygging. Kartet med faseinndeling og forslag til relokalisering av områder bør imidlertid kun vere retningsgivande. Tysvær er ikkje einig i faseinndeling og bruken av fargekoder for enkelte område i Tysvær. Dette gjeld deler av Skeiseidområdet, Garhaug, Padlande og Slåttevik som foreslås relokalisert (merka grått i kartet). Desse områda bør merkast gult eller blått i kartet. Både rekkefølgje og relokalisering er forhold som må vurderast nærmare i samband med eiga kommuneplanrullering.

Tysvær synes retningslinjene for bukvalitet som foreslås er for detaljerte. Krava her bør tilpassast område og styrast av kvar enkelt kommune.

Samferdselsdelen i planen gir viktige føringar for ulike transportformer og foreslår differensierte verkemiddel i regionen i forhold til sentralitet og trafikkmengde. Tysvær synes det er bra med differensierte verkemiddel, og er positive til eit framtidig forpliktande ATP samarbeid for å sikre gode samferdselstilbod i regionen. Regionalplanen bør ha mål om auka kollektivtrafikk og langs nye vegsystem som diagonalen mellom Norheim og Raglamyr og dei nye vegsystema knytt til T-forbindelsen. Ekspressbussruter og ekspressbåtruter må tas med som ein del av det heilskaplege kollektivtilbodet. Det bør og vere strategiar for betre koordinering av ruter og tilbod mellom ulike kollektivtransporttilbod slik at kollektivtilboda vert enklare og meir attraktive å bruke.

Forslaget til retningslinjer for landbruks- natur- og friluftsområder bør endrast.
Det bør være lov å bruke ledige driftsbygningar til anna type næring enn gardsdrift.
Bygging av gardshus nr. 2 bør tillatast både på store og mindre bruk, og for å fremje levande bygder.
Dette er viktig for at unge skal ha mulegheter til å overta gardsbruk.

Viktige problemstillingar knytt til framtidsutviklinga på Haugalandet er reist i i arbeidet med regionalplanen. Tysvær kommune sluttar seg i hovudsak til innhaldet i planforslaget og ber om at fylkeskommunen tar omsyn til merknadar og justerer plandokumentet i tråd med desse.

Regionalplanen fokuserer på behovet for regionalt samarbeid om samfunnsutviklinga.
Eit ATP samarbeid som kan gi større regional påverknadskraft og vere ein arena for samarbeid og erfaringsutveksling mellom planmiljøa i regionen bør etablerast.
Organisering og mandat for et slikt arbeid bør vere ein del av planoppfølginga.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Rogaland fylkeskommune har sendt regional plan for areal og transport på Haugalandet på høyring med høyringsfrist sett til 23. mars 2015. Planen skal erstatte gjeldande Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet.

Planarbeidet har pågått i mange år og arbeidet baserer seg på planprogram vedtatt av fylkestinget i 2010. Arbeidet vart i starten styrt av kommunane på Haugalandet i fellesskap, men Rogaland fylkeskommunen overtok ansvaret for planarbeidet i 2012. Ordførar har deltatt i politiske styringsgruppe og representantar frå administrasjonen har deltatt i prosjektgruppe. Fleire møter og konferansar har vore arrangert der politikarar og representantar frå administrasjonen har møtt. Høyringskonferanse vart nyleg arrangert 4. februar 2015.

Forslaget til ny regionalplan:

Planforslaget bygger på hovudstrategien «by og tettstad» og har mål, strategiar og verkemiddel innanfor følgjande temaområde:

- Regional samhandling
- By- tettsteds- og grendesentre
- Boligbygging
- Næringsbygging
- Samferdsel
- Landbruksområder
- Regional grøntstruktur

I **Kapittel 1** finn ein samandrag, mål for utviklinga og omtale av hovudstrategien «by og tettstad».

Kapittel 2 omhandlar behovet for samordna areal og transportplanlegging og dei nasjonale forventningane til regional areal og transportplan. Dei viktigaste forventningane er gitt i følgjande statlege dokument :

- Statlige planretningslinjer for samordnet bustad- areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske bestemmelser om kjøpesentre
- Nasjonal transportplan
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging

Kapittel 3 viser utviklingstrekk og utfordringar. Regionale konjunkturar, regionforstørring og befolkningsutvikling er omtala, samt vekstutfordringane i dei bynære områda. Sentrumsutvikling og bustadstruktur i distrikta og levande bygder og verdifulle areal er og omtala.

Kapittel 4 inneholder mål, strategiar og verkemiddel innan 7 tema. I det følgjande vert hovudpunkt gjengitt.

Regional samhandling:

Det er behov for samarbeid for å realisere planen. Etablering av eit ATP-samarbeid vert foreslått. Strategien effektiv ressursbruk handlar om eit utbyggingsmønster som gir effektiv bruk av offentlege ressursar og lågare investeringsbehov. Fortetting, god arealutnytting, sentrumsnær lokaliseringspolitikk og miljøvennleg transport er viktige verkemiddel.

By- tettsteds- og grendesentre:

Sentrumsutvikling, funksjonslokalisering og handel er viktig for utvikling av Haugesund sentrum og tettstadane. Det er foreslått ein 4 delt senterstruktur som er uavhengig av framtidig kommunestruktur. Haugesund er det naturlige regionsenteret. Kopervik, Aksdal, Sveio, Ølen, Etne og

Sauda blir regiondelsentre. Åkra, Skudenes, Norheim, Føresvik og Skånevik er foreslått som områdesentre. Følgjande tettstadssentra og grøndesentra foreslås i Tysvær: Frakkagjerd, Slåttevik, Hervik, Skjoldastrumen, Hinderåvåg, Nedstrand.

Det vert lagt opp til retningslinjer for styring av handel etter sentrenes omland og funksjonar. Det vert vist til behov for regional handelsanalyse som eit hjelpemiddel i dimensjonering av handel særleg i ytre del av regionen. Det bør stimulerast til stedsutvikling, fortetting og møteplassar i sentra, og det bør oppretta tettare dialog mellom private og offentlege om sentrumsutvikling.

Planforslaget inneholder retningslinjer for senterutvikling som vil vere styrande for utviklinga framover. Forslag til regional planbestemmelse for lokalisering av handel seier at nyetablering eller utviding av handel berre er tillate i område avsett til sentrumsføremål slik desse er lokalisert, dimensjonert og avgrensa i gjeldande kommuneplan eller kommunedelplan. Unntak er nærbutikk og varegruppene bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast, og andre større byggevarer. Regional planbestemmelse vil om den vert vedtatt erstatta rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre.

Planen opererer med følgjande definisjonar:

- Nærbutikk = dagligvare, bakeri, blomster.
- Nærservice = mindre publikumsrettet virksomhet som frisør, kafe, apotek.

For nærbutikk og nærservice foreslås ei arealbegrensning på 1000 m² BRA til handel og 500 m² BRA til andre publikumsrettede virksomheter.

- Næringsområder = Salg av varegruppene bilar, båter, landbruksmaskiner, trelast og andre større byggevarer.

Områda skal avgrensast i kommuneplan med tilhøyrande bestemmelser som sikrar type handel, areal, utnyttingsgrad og parkeringsdekning. Ikkje plasskrevande varer vert tillatt solgt på maks 15% av salsarealet, maks 500 m² BRA.

Det vert foreslått ei generell retningslinje for dimensjonering av handel som skal vere i samsvar med omland, nivå i senterstrukturen m.m. I bynære områder vert det krav om regional handelsanalyse.

Det foreslås ingen begrensningar på handel i Haugesund sentrum. Knutepunkt i bystrukturen skal kunne ha inntil 3000 m² BRA til handel. Nyetablering av handel foreslås ikkje tillate på Raglamyr og Norheim næringsområder.

Boligbyggind:

Det foreslås mål om kompakt utbyggingsmønster, gode bu- og nærmiljøkvalitetar og strategiar som styrker sentraene med koordinert utbyggingsrekkefølge i bynære område. Fortetting, variasjon i bustadstrukturen og sikring av bukvalitet vert peika på som viktige felles strategiar. Når det gjeld utbyggingsrekkefølgje i ytre bynære områder vert det foreslått fortetting i heile perioden fram mot 2050 og ei faseinndeling av nye område i fase 1, 2 og 3. Faseinndelinga er merka med ulike fargekodar på kartet der bustadareal i gjeldande kommuneplanar er teikna inn. I Tysvær finn ein område i fase 1 (rødt) og fase 2 (gult) og fase 3 (blått). Deler av Skeiseidområdet, Garhaug og Slåttevik foreslås relokalisert (merka grått i kartet). Både rekkefølge og relokalisering er forhold som må vurderast nærmere i samband med eiga kommuneplanrullering. Regionalplanen bør her kun vere retningsgivande.

Det vert foreslått ei rekke detaljkrav som gjeld bukvalitet. Behova for dette bør vurderast opp mot at mange kommunar har eigne føresegner, retningslinjer og normar som er tilpassa situasjonen i kvar kommune.

Lokalisering av næringsvirksomhet:

Mål og strategiar bygger opp om rett verksemد på rett stad med arbeidsintensive arbeidsplassar lagt til sentrumsområder og mindre arbeidsintensive verksemder, industri og lager lagt i ytterkant eller utanfor sentrumskjerne. Jfr. prinsippa i ABC planlegging. Det er laga kart som viser 5 kategoriar der sentrumsområde og næringsområde frå kommuneplanane er lagt inn med ulik fargekode. I tillegg er det område som foreslås omdisponert og som er merka som sjønært næringsareal. Næringsområda i Tysvær har fått rett kategori i forhold til funksjon og lokalisering.

Samferdsel:

Mål og strategiane for samferdsel omfattar biltransport, kollektivtransport, gåing og sykling, og med mål om endra reisemiddelval til meir miljøvennlege transportformer. Det foreslås strategiar for parkering og at regionen arbeider med finansiering av samferdselstilbod via eit ATP samarbeid eller ein Haugalandspakke II. Strategiar og verkemiddel knytt til desse foreslås inndelt i forhold til sentralitet og trafikkmengde, med ein strategi for Haugesund byområde, ein for bynære hovudaksar (Aksdal – Haugesund – Åkrehamn), ein for tettstadane og for regionen elles.

Restriktiv parkeringspolitikk kombinert med auka satsing på kollektivtilbod foreslås for dei mest sentrale områda. Strategiar for stamvegnettet E39 og E134 og for den delen av E134 som er tilbringarveg til byregionen på Haugalandet (Aksdal – Flyplassen) er ein del av planforslaget. Kommersielle ekspressruter er og omtala.

Planen bør legge meir vekt på kollektivtrafikk i nye vegsystem som gjennom diagonalen mellom Norheim og Raglamyr og T-forbindelsen, og ha strategiar for betre koordinering av ruter og tilbod mellom ulike kollektivtransporttilbydarar. Maks krav når det gjeld bilparkering i Aksdal må vurderast i lys av framtidig sentrumsutvikling. Konsekvensane av maks krav når ein skal fortette i sentrumsområde og få bilparkering under bakken i nye sentrumsbygg kombinert med knutepunktfunksjonen og ny kollektivterminal bør vurderast nærmere.

Landbruksområder:

Kjerneområde landbruk vert foreslått for å sikre samanhengande jordbruksområde og styrke landbruket som næring. Desse områda samsvarer i stor grad med kjerneområde landbruk vist i forslag til ny kommuneplan 2015-2027. Forslag til retningslinjene vil gje eit restriktivt system i forhold til fortetting og frådeling m.m. i desse områda.

Regional grøntstruktur:

Regional grøntstruktur vert foreslått for å sikre samanhengande og viktige regionale grøntområder. Område vist i Tysvær samsvarer i stor grad med områda vist i kommuneplanen og i FINK-planen. Forslaget til retningslinjer m.m. er i stor grad slik ein tenker i forhold til eigen kommuneplan m.m. Det vert foreslått å trekke ei langsiktig linje mellom utbyggingsområde og grøntstruktur. Faglege anbefalingar for tilgang til grøntstruktur er noe detaljerte men kan vere ei grei målsetting.

Kapittel 5 handlar om gjennomføring. Det vert vist til oppfølging av planens innhald gjennom kommunal planlegging. Planen viser også eit utkast til handlingsprogram.

Kapittel 6 viser konsekvensar av planen der dei 3 alternativa (O- alternativet, Spredt og bilbasert, Fortetting og miljøvennlig transport) vert sett opp mot kvarandre i forhold til måloppnåing og konsekvensar.

Vedlegg 1 gir ei oversikt over alle delrapportane som er utarbeida i planprosessen.

Vedlegg:

Regional plan for areal og transport på Haugalandet - Høringsutkast pr. 29.1.2015
Regional plan for areal og transport på Haugalandet - Høringsbrev